



Desse tre radioane er gevinstar på Hobbyklubben sitt lotteri.

**Hobbyklubben i bedehuset er godt i gang etter juleferien, og dei er no i gang med eit lotteri. Gevinstane må seiast å vera svært så tidsriktige. I og med at ein no har byrja nedstenginga av FM-nettet, vil ikkje dei gamle FM-radioane verka særleg lenger. Derfor kan det vera kjekt å vinna ein DAB radio. Det er 3 slike på gevinstlista i lotteriet.**

Leiar Tore Mathiesen i Hobbyklubben kan fortelja at medlemmene i Hobbyklubben no har fått utdelt loddbøker og er i gang med salg ute på bygda. Underteikna kan stadfesta at dette stemmer, for eg hadde besøk av to hyggelege og blide gutar med loddbok i går.

Mathiesen kan vidare fortelja at dei har planlagt å bruka overskotet av lotteriet til ny videoprojektor i storsalen i bedehuset. Den vert mykje brukt mellom anna på klubbkveldane. Då gjeld det å ha litt kontantar på lur når dei flinke ungdomane ringjer på døra for å selja lodda sine til 5,-kr pr. lodd.

Lotteriet vert trekt seinast 6.mars.

# Hobbyklubben i Uskedalen

## DAB+ RADIO LOTTERI

**1. Gevinst:**

*Juice Mini bærbar DAB+ radio*

**2. Gevinst:**

*Sony bærbar DAB+ radio*

**3. Gevinst:**

*Hitachi bærbar FM/DAB+ radio*

**Kr. 5,- pr lodd.**

**Bok: 40**

**Trekning senest 6. Mars 2017**

[Informasjon om lotteriet.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Tore Mathiesen